# Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

**Dato og tid for møte: 02.10.25** **Rom:** Varden møterom ved biblioteket.

**Møtte:**

| Klasse | **FAU-representant** | Kryss av |
|---|---|---|
| 8a | Rønnaug Egeland (2 år) | X |
| 8b | Maria Singstad (2 år) | X |
| 8c | Maria F. B. Sikkeland 1 år | X |
| 8d | Sverre Egeland (1 år) | X |
| 9a | Monica Aase (1 år) | |
| 9b | Ragna Stakland Svela (1 år) | X |
| 9c | Ingunn Knobloch (2 år) | |
| 9d | Anne Bente Bergene (2 år) | |
| 10a | Nina Kvile (1 år) | |
| 10b | Hilde Grude (1 år) | X |
| 10c | Andrea Bjørkavoll-Bergseth (1 år) | X |
| 10d | Pål Pollestad (1 år) | X |

**Fråvere:** Nina, Anne Bente, Monica, Ingunn

| 25/26-1 | *Om FAU – kva nå?* |
|---|---|

**Informasjon om saka**

Rektor informerte kort om

- Organisering – kontinuitet – typiske sakar - Rektor si rolle - Elevråd
- Klepp ungdomsskule - FAU - Foreldrearbeidsutvalet

- Sist skuleår (24/25 blei me einige om å fjerne mailadressane frå heimesida.

- Me sender ut melding til alle foreldra med mailadressane til dei i FAU.
  (Det blei diskutert om det var mogleg at FAU-leiar kunne bli kontakta gjennom VFS av foreldra. Det går ikkje.)

- Resultat etter høyring om KFU: KFU avvikla i vedtak i hovudutvalet 21.august. Pål blei kontakta av Jærbladet om saka. FAU bestemte nå å la den vedtekne saka ligge.

| 25/26-2 | *Konstituering av FAU (og medlemmar til SU og SMU)* |
|---|---|

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Hilde tek ansvar også dette året for pengane. Dei tre andre verva var på val. Mest diskusjon om leiartittelen, og etter ein prosess i dagane i etterkant, tok Maria Sikkeland på seg ansvaret – flott! Det einaste som ikkje blei bestemt var tredje medlem i SMU. Dette kan gjerast på neste møte i FAU.

**Kva blei bestemt:**
Desse blei valde:

- Leiar: Maria Sikkeland
- Nestleiar: Pål Pollestad
- Kasserar: Hilde Grude
- Referent: Rønnaug Egeland

SU (Samarbeidsutval): Leiar og nestleiar stiller.
SMU (Skulemiljøutval): Leiar, nestleiar og FAU-representant

Ordning: Rektor skriv referatet i dette møtet. Rutine framover er at referatet blir godkjent av FAU-leiar og sendt rektor. Rektor legg ut på heimesida.

| 25/26-3 | *Opning av droppsone ved ordførar* |
|---|---|

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

Første melding: *Administrasjonen ønsker å markere at droppsonen nå er ferdig bygget, vi får med oss ordføraren til å opne og vi tenkte det passer godt med opning på sjølvaste refleksdagen, torsdag 16. oktober.*

Dette blei utsett.
Nytt tidspunkt og dag: markering blir onsdag 29. oktober, klokka 13:00.

- Fau-leiar er invitert til å stilla i lag med elevrådet og rektor.

**Kva blei bestemt:**

- Fau-leiar vurderer sjølv om ho stiller på dette.

**Kven tek ansvar:**
Rektor informerer.

| 25/26-4 | *Markeringa for avgangselevane* |
|---|---|

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Dette er behandla nokre gonger før. Rektor set pris på engasjementet.
- Rektor viser til framlagt dokumentasjon sendt FAU 21.03.25.
- Under diskusjonen kom det fram ein del forslag til moglege organiseringar.
- Det kom og fram argument for kvifor slik fellesarrangement kan vera viktig. Det blei også delt positive erfaringar frå slik det er nå.
- Agendaen til rektor og skulen før dette møtet, var å fastslå at noverande organisering er slik det blir framover. Saka har vore oppe til diskusjon fleire gonger, og FAU er høyrt i saka.
- Medlemmer i FAU meiner at skulen ikkje let FAU ha medbestemming i dette, og det tek skulen til etterretning. Rektor meiner at skulen har høyrt på argumenta for og imot, og at FAU har blitt rådført – som er mandatet til FAU. Medlemmer ønskjer å møte leiarane på skulen for å leggja fram saka for alle.

| |
|---|
| - Mest konkret motforslag er å ha det klassevis i klasseroma først (alle klassane). Der skal det vera elevinnslag, talar frå elevane og kontaktlærarane. Deretter skal ein samle alle i Krossen / aulaen. Då skal rektor tale og dela ut vitnemåla til alle elevane. Det skal vera matservering til slutt eller mens dei var klassevis – her er referenten usikker på om kva forslaga var (kanskje begge blei nemnt). Rektor problematiserte dette ut frå tidlegare erfaringar – det er ikkje god nok plass, men foreldre meinte at dette hadde vore heilt fint. |
| **Kva blei bestemt:**<br>- Rektor ville igjen ta saka opp i leiarteam, då ut frå motforslaget. Rektor var klar på at innstillinga om noverande opplegg ennå gjeld, men skal likevel vurdera dette i lag med leiarane. |
| **Kven tek ansvar:**<br>Rektor følgjer opp. |

| **Neste møte** | ***20.11.25 klokka 18:00-19:00*** |
|---|---|
| | |
| **Oppsummering** | ***Sakar som skal følgjast opp neste møte:*** |
| Tredje medlem i SMU. Eit møte på våren. | |
| Tilbakemelding frå leiargruppa om markering avgangselevane | |
| Bli einige om datoar og/eller tal på møter i FAU. Sist skuleår var det 6 møter; oktober, november, januar, mars, mai og juni.<br>NB, ein medlem har meldt frå om at tysdagar og onsdagar er umogleg. | |
| Vinterball 2026. Bestemma dato og ein komité som kan møta elevrådet. To aktuelle datoar kan vera fredagane 6/2 og 13/2. | |